

## Fugleskremsel gir meir miljøvenleg linefiske og større fangst

**Under setting av line kan sjøfuglar hekta seg fast på krokane. I dei verste tilfella stryker fuglen med. Oftast stel fuglane agn utan å hekta seg fast. Meir enn halvparten av agna kan vera borte før lina er sett, dermed går fangsten ned. Havforskningsinstituttet har kome fram til at bruk av "kjalkeskremma" kan hindra dette fugleproblemet på ein enkel og rimeleg måte.**

Det er aukande merksemd på korleis ulike fiskereiskapar påverkar miljøet. I linefisket er det ein uheldig miljøverknad at sjøfugl vert drepen ved at fuglane heftar seg på krokane. I internasjonal miljøsamheng vart problemet teke opp etter at det vart registrert faretruande nedgang i albatrossbestandane i Antarktis. Ornitologane rekna med at linefiskeria etter tuna og tannfisk var ei av hovudårsakene til denne nedgangen. Albatross er no ein truga fugleart. I våre farvatn er det først og fremst havhest som vert drepen i linefisket. Bestanden av havhest har vakse sterkt, truleg på grunn av betre tilgang på mat. Fiskeslo frå ein aukande havfiskeflåte er ei viktig matkjelde. Sjølv om havhest ikkje er ein truga art, gir dreping av sjøfuglar lineflåten dårleg rykte, og tapet av agn kan føra til store fangsttap.

### Kjalkeskremma er best

I perioden 1996 til 1999 vart det gjort tre fiske-forsøk med linebåtar. For å hindra at fugl tok agn og hekta seg på krokane, vart det gjort forsøk med fugleskremselet. Det er eit setterøyrr, som leier lina om lag 1,5 meter ned i sjøen og ein uthalar som er plassert i bakkant av egne-maskina. Denne uthalaren skal føra til at lina søkk raskare slik at fuglane får mindre tid til å ta agnet.



#### *kjalkeskremme*

#### *Line*

*Fugleskremselet som har best effekt på både fugl og fiskefangst, er den såkalla "kjalkeskremma". Namnet kjem av at havhest vert kalla kjalk av mange fiskarar. Skremma er laga av eit langt tau med fire garnringar i enden og tolv 8 centimeter breie strimlar av gul presenning. Strimlane er festa i tauet med 5 meters avstand. Kjalkeskremma heng etter båten rett over det området der lina blir liggjande å flyte i havoverflata. Ho virkar såleis både som eit visuelt skremsel og ei fysisk hindring for fuglar som prøver å bita agn av lina. Mange linefiskarar har brukt ein forenkla versjon av skremma for å halda fugl unna reiskapen.*

Linefiske med vanleg setting førte til at 205 fuglar måtte bøta med livet. Det vart då sett til saman 185.320 krokar. Ved bruk av setterøyrr vart fugledrapet redusert til godt under 20

prosent. Bruk av uthalar var også positiv med tanke på fuglen. Tapet av fugl vart redusert til nær 1/3. Kjalkeskremma gav det klart beste resultatet, berre to drepte fuglar på dei vel 185.000 krokane.

## **Auka fangst**

I forsøka var fangsten stort sett brosme og lange. På alle tre båtane viste det seg at fangsten auka når fuglen tok mindre agn. Det beste resultatet var ein fangstauke på om lag 30 prosent for dei linene som var sett med kjalkeskremme samanlikna med kontrollinene som var sett vanleg.

## **Internasjonale tiltak**

På den 23. sesjonen til FAO sin fiskerikomité, COFI-møtet i februar 1999, underteikna Noreg avtalen "International Plan of Action for Reducing Incidental Catch of Seabirds in Longline Fisheries". I den avtalen vert medlemslanda oppmoda om å kartleggja og finna ut om det er nødvendig å setja i verk tiltak for å løysa problemet med fangst av sjøfugl i linefisket.

I det vidare internasjonale arbeidet for å avgrensa uheldige miljøeffektar av fiskeria, kan det verta krav om å setja inn tiltak for å løysa problemet med at fugl stryk med i linefisket.

Resultata frå dette prosjektet viser at vi har løysingar som vil møte eit eventuelt krav om slike tiltak. I Noreg vil det verta sendt ut spørjeskjema til line-skipparar for å kartleggja i kva område og på kva årstid problemet med sjøfugl er størst. Ein ynskjer også å få vita kor mykje kjalkeskremme vert brukt på norske linebåtar.

**Kontaktperson:** Svein Løkkeborg, Havforskningsinstituttet, Fangstseksjonen,

Postboks 1870 Nordnes, 5817 Bergen. Tlf: +47 55 23 85 00.

Faks +47 55 23 68 30. E-post: [Svein.Loekkeborg@imr.no](mailto:Svein.Loekkeborg@imr.no)